

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand Kulturhus, 04.06.2014, kl 19.00 – 21.30.

Til stades: Dan Danielsen, Sigmund Eiken, Knut Haugen, Arne Bergstø, Sonja Irene Skarde og Kaia Gulbrandsen.

Meldt fråfall: Marta Bergstø og Hanne Hesthamar

Sak 1, Godkjenning av sakliste og referat frå møte 30.04.14, ingen merknader.

Sak 2, Husleigeavtale for Båtbyggjarmuseet.

Sigmund gjekk gjennom forslag til ny leigeavtale mellom Herand Bygdelag og Herand Båtlag. Styret gav samrøystes godkjenning av avtalen. Den vart underskreve av Dan Danielsen og Sigmund Eiken for Bygdelaget. Dan tek avtalen vidare til Båtlaget. Styret i Bygdelaget gjev Dan Danielsen fullmakt til å søkje pengar til restaurering av taket på Båtbyggjarmuseet. Styret vil og hente inn pris på forsikring av utstillinga.

Sak 3, Nytt kjøkken på Herand Kulturhus.

Arbeidsgruppa for nytt kjøkken la fram forslag om plassering av kjøkkenet. Ein ynskjer å lage kjøkken i ca halve det gamle kjøkkenet (sløydsalen). Styret gjekk inn for at det jobbast vidare med denne løysinga. Over ferien vil me invitera Gunnar Nagell-Dahl frå Fylkesmannen til Herand for å rettleie i planlegginga. Bygdelaget ved kjøkkengruppa vil og invitere alle interesserte til ein presentasjon av planane i medio august. Oppslag kjem.

Sak 4, Rydding av biblioteket på Herand Kulturhus.

Styret set ned ein arbeidsgruppe for å rydde/sortere bøkene i biblioteket. Ein vil prøve å knytte til seg nokre personar med kjennskap og interesse for bøker.

Sak 5, Eventuelt

- Restaureringa av taket på Båtbyggjarmuseet har fått kr 40.000,- frå tre stiftingar:
 - Indre Hardanger Kulturvern, kr. 20.000,-
 - Johannes og Håvard Seim m.fl., kr. 10.000,-
 - Solveig Runshaugs antikvariske vernefond, kr. 10.000,-.
- Planting av sommarblomar i bygda. Knut prøver å få dette på plass til pinsehelga.

- Nytt bosshus ved Sendingsbekken/båtoppdraget. Sigmund orienterte om saka. Gode, lokale krefter har gjort ei fantastisk innsats for å få betra tilstanden rundt bossopsamlingsplassen. Tusen takk til dei!
- Utleige av utstyr og inventar frå Herand Kulturhus. Det trengs ei klargjering av utleige og prisar. Styret hadde ein diskusjon om saka, og Sonja Irene legg fram eit forslag til neste styremøte.
- Uthuset til Herand Kulturhus. Uthuset treng å rettast opp og må difor tømmast. Forslag om å få kassert material på jonsokbålet. Sigmund set opp dugnadskveldar.

Referent: Kaia Gulbrandsen